

Saksbehandlar: Atle Skrede, Kulturavdelinga
Sak nr.: 13/534-7

Landsskyttarstemne 2017 til Sogn og Fjordane - søknad om fylkeskommunal støtte

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:

Det vert løyvd 200 000 kroner til Førde skyttarlag til utbetringar og oppgradering av skyttaranlegg i Kråkenesmarka/Vasslia i Førde kommune i samband med Landsskyttarstemnet 2017.

Vedlegg:

1. Søknad om fylkeskommunal støtte av 08.09.2013.
2. Budsjett – vedlegg til søknad frå Førde Skyttarlag av 08.09.2013.
3. Brev frå fylkeskommunen – støtte til søknad av 28.01.2013.
4. Oppfølgingsbrev frå Førde Skyttarlag – avklaring brev av 26.06.2014.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Søknad om Landsskyttarstemnet 2017

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Førde skyttarlag i samarbeid med skyttarlaga i Holsen, Jølster og Hyen vart tildelt Landsskyttarstemnet i Førde i 2017. I samband med dette arrangementet må det gjerast utbetringar på arenaen i Kråkenesmarka i Førde. Dette gjeld i all hovudsak tilrettelegging for grovfelt og finfelt i området rundt skyttarstadion og Vasslia. Skyttarlaget søkjer om midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune for realisering av prosjektet, jf vedlegg 1. Kostnaden for dette arbeidet dreier seg om ca. 1,6 millionar kroner inklusiv mva, jf vedlegg 2.

Landsskyttarstemnet har Førde skyttarlag fått tildelt for fjerde gong i 2017. Dette viser at Førde skyttarlag har både arrangementstekniske ressursar og anlegg som kan gjennomføre slike store arrangement. I samband med søknaden til Det Frivillige Skyttarvesen (DFS) vart det gjeve fylkeskommunal støtte frå fylkesordførar og fylkesrådmann i brev av 28.01.2013, jf vedlegg 3. Dette i tråd med tidlegare praksis ved denne typen arrangement.

2. Vurderingar og konsekvensar

2.1 Kommune/fylkeskommune

Førde kommune og fylkeskommunen har fått identiske søknader. Landsskyttarstemne er eit arrangement med stor deltaking frå heile landet, stor media-interesse, og med positive ringverknader for det lokale næringslivet.

Fylkesdirektøren har hatt tett kontakt med Førde kommune i arbeidet med å vurdere søknaden, og vi har saman hatt fleire møte med Førde skyttarlag.

2.2 Spelemiddelsøknad?

Ein del av arbeidet har vore å vurdere om den skisserte anleggsutbygginga kan danne grunnlag for å fremje spelemiddelsøknader. Det vert ikkje ytt tilskot til vegar og parkeringsplassar som del av spelemiddelsøknader. Området for grovfelt er lagt til Vasslia i Førde og dette er eit mykje nytta turområde. På førespurnad til Kulturdepartementet våren 2014 fekk fylkeskommunen gjennomslag for å godkjenne desse som turvegar. Det vert ein føresetnad at alle føringar i høve retningslinjene for spelemiddeltilskot er ivareteke i ein eventuell spelemiddelsøknad. Den største utfordringa i denne avklaringa har knytt seg til retten til bruk av grunnen. Dersom det skal etablerast som eit friluftslivanlegg som kan få spelemidlar må ein ha rett til bruk av grunnen med ein tinglyst avtale med grunneigarane i området. Denne avtale må vere på minst 30 år.

Med spelemiddelfinansiering som del av finansieringa, ville det fylkeskommunale og kommunale bidraget kunne reduserast betydeleg. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017 har friluftsliv som eit prioritert satsingsområde.

Førde skyttarlag har hatt møter med grunneigarar i området og det viser seg å vere lite realistisk å få til avtalar som strekker seg over 30 år. Forsvaret leiger i dag hjå enkelte av grunneigarane i området og erfaring frå andre stader viser at Forsvaret er i ferd med å seie opp fleire av desse avtalane. Dette har også vore ei aktuell problemstilling i dette området, jf vedlegg 4. Det vert derfor ikkje fremja spelemiddelsøknader til friluftsliv frå Førde kommune.

Anlegga for grovfelt og finfelt i Kråkenesmarka og Vasslia i Førde, som det her vert søkt om fylkeskommunalt tilskot til, er mobile anlegg som berre vert sett opp i samband med arrangement. Det er såleis ikkje faste installasjonar som ein kunne søkt spelmidlar til å etablere.

2.3 Kostnad/finansiering - vurdering:

Søknaden gjeld mindre endringar for å tilpasse anlegga dei kvalitetskrava som vert stilt til eit slikt arrangement i 2017. Kostnadane er rekna til 1 600 000 kroner. Søkjar ber om å få dekkja heile summen gjennom søknad til fylkeskommunen og Førde kommune som kvar lyder på 800 000 kroner. I møter mellom fylkeskommunen og Førde kommune har det vore eit mål å få til ei løysing med lik fordeling mellom tilskota frå kommune og fylkeskommune. Evt løyvingar kan delast over fleire år. Førde kommune vil også handsame søknaden no denne hausten.

I HK-sak 62/13 skreiv fylkesdirektøren m.a. følgjande om denne søknaden:

«Fylkesdirektøren er positiv til at fylkeskommunen følgjer opp med tilskot her, og rår til at denne søknaden vert vurdert for innan vedteken ramme i 2014. Fram til dette vil fylkesdirektøren, saman med Førde kommune gå gjennom og vurdere kostnadane og behov for offentleg støtte. I dette ligg at fylkesdirektøren vil signalisere at særleg behovet for offentleg fullfinansiering må vurderast nærare før tilråding til vedtak vert lagt fram.»

Fylkeskommunen har også tidlegare støtta arrangøren av Landsskyttarstemnet med midlar til anleggsutvikling. Det har ikkje vore ytt støtte til sjølve arrangementet. Dette er føresett gå i ballanse/med overskot. Arrangementet er eit stort dugnadsprosjekt som skapar aktivitet og merksemd. Slik sett vil det ikkje vere unaturleg å bidra gjennom tilrettelegging av anlegg som må til får å kunne gjennomføre arrangementet i vårt fylke. Fylkesdirektøren har lagt ned mykje arbeid for å hjelpe til med å få på plass ei alternativ finansiering der spelemidlar kunne gå inn som del av finansieringa. Også momskompensasjon har vore vurdert. Alternativet med spelemidlar er lagt bort, jf utgreiinga over. Momskompensasjon er usikker, i alle høve omfanget av denne. Ut frå den arbeidet som er gjort så langt, synest det som om offentleg finansiering frå fylkeskommunen og kommunen vil vere avgjerande for å få tilrettelagt anlegget for å kunne gjennomføre Landsskyttarstemnet 2017.

Den aktuelle søknaden kom inn til budsjetthandsaminga hausten 2013. Det vart då konkludert med at søknaden skulle handsamast innan ramma til hovudutvalet. Det har så vore arbeidd med søknaden som skissert over. På det tidspunktet søknaden kom inn og fekk si førebelse vurdering, var dei økonomiske utsiktene noko annleis enn det dei er i dag.

I HK-sak 27/14 vart det reservert 100 000 kroner til denne søknaden. Løyvde mildar til gjennomføring av junior-NM i skiskyting på 100 000 kroner er inndregne, og vert foreslått gitt til søknaden frå Førde skyttarlag. Ut frå dette ser fylkesdirektøren at vi kan imøtekomme søknaden med samla sett 200 000 kroner i 2014. Om vi skal imøtekomme søknaden fullt ut, står det att 600 000 å løyve opp. Dette ser fylkesdirektøren som ei stor utfordring sett ut frå den økonomiske situasjonen fylkeskommunen no er oppe i. Det er likevel mi vurdering at søknaden vert med over i 2015/2016-budsjettet og vert vurdert innan vedteken budsjetttramme (evt som marginallistetiltak). Fylkesdirektøren ser det likevel som særns vanskeleg å kunne gi signal om nye løyvingar desse åra dersom vi må kutte i eksisterande tilskotsramme, og utan tilgjengelege midlar til utviklingstiltak.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka. Førde skyttarlag får tildelt 200 000 kroner i tilskot i 2014 til utbetringar/oppgraderingar av skyttaranlegg i Kråkenesmarka/Vasslia i Førde kommune.